

OPPMÅLT BÅT – PROSJEKT NR 6617**BÅT**

Kravellbygd kommedalsbåt, brukt til fiske.

TEIKNINGAR

6617-1 Linjeteikning

6617-2 Profil

6617-3 Konstruksjonsteikning

EIGAR

Eigar i dag er Teodor Kommedal. Båten er skadd i brann, den er elles i därleg stand og blir sannsynlegvis hogd opp.

DATA

Største lengde: 8,280 m

Lengde i engelske fot: 27 fot 2 tommar

Største bredde: 2,640 m

Lengde i VL: 7,800 m

Deplasement: 3,95 m³*

Prismekoeffisient: 0,57

Lengde/bredde forhold: 3,14

*Rekna ut frå det som ser ut til å vera flytevassline.

BYGGJEÅR OG BÅTBYGGJAR

Torger Kommedal starta i 1947 som båtbyggjar og bygde opp båtbyggjeriet der det står i dag. Plassen vart kalla "Brennevinsurå" då det skal ha vore göymepllass der for smuglarbrennevin i forbudstida. I dag er adressa Svaberget 43.

I starten bygde han både klinker og kravell, men etter kvart utvikla han den båttypen som vart standardbåten og som går under namnet "Kommedalsbåt". Denne var kravellbygd og alle båtstørrelsar hadde same form. Storleiken vart

skalert opp og ned frå 7,3 til 9,4 meter (24 til 31 engelske fot). Eit sett med malar dekka alle størrelsane.

Kommedal bygde denne båttypen utan større endringar i ca 35 år.

Stavanger Sjøfartsmuseum har eit intervju med Torger Kommedal frå 2003 der han fortel om båtane og båtbyggjeriet.

Teodor Kommedal er son til Torger og han var også båtbyggjar så lenge båtbyggjeriet bygde nye båtar. Opplysningane om båtbyggjinga har me i hovedsak fått av han.

Etter krigen var det stor etterspørsel etter nye båtar og leveringstida var oppe i 2 år.

Som oftast vart båtane levert ferdige med brønn og hytte med 2 koyer og benk. I 1960 var prisen ca 12 000 kroner for ein båt på 8 m. Dette tilsvrar ei årsløn på denne tida.

Etter byggjing av ny hall i 1964 var produksjonen på 6 – 8 båtar i året, avhengig av utstyr og innreiing.

Kommedal dreiv med nybyggjing fram til slutten av 1970 åra.

For fiskarane i Stavanger og det nærmaste området var kommedalsbåten nærmast standardbåt. Dei fiska for det meste med dorg og leverte fisken levande i Stavanger. Fiskebåtane hadde derfor brønn mellom motoren og hytta. Den oppmålte båten er eit unntak, den skulle brukast til notbåt og har derfor motoren langt forut, delvis inne i hytta. Den vart bygd tidleg på 1970 talet.

Båtane vart rekna for å vera sers vakre og gode båtar og vart også brukt til fritidsbåtar. Kommedalsbåtane skilde seg ut frå andre båtar og var eit kjent innslag i Vågen i Stavanger.

Under oppmåling av denne båten i 2008 sto båtbyggjeriet framleis slik det var då byggjinga slutta. Sjøfartsmuseet har teke ein del bilder frå interiøret. Malar og utstyr var framleis på plass, men bygningane var etter kvart blitt til lagerplass for båtar, motorar og anna utstyr.

HISTORIE

Det er lite av historia til denne båten som er kjent. Den vart levert til Åna Sira der den skulle brukast til notfiske. Det var ikkje montert motor i båten ved levering, men hytte og styrehus var ferdigbygd.

Etter at eigaren døydde vart båten overtatt av ein slekting i Tananger. Det vart brann i nabobåten i båthamna og også denne båten vart skadd i brannen. Forsikringsselskapet kondemnerte båten og den vart overtatt av Teodor Kommedal. Han reiv ut brannskadde delar og demonterte motor og kraftblokk. I tillegg til brannskadane var det råteskader og det var derfor ikkje lønsamt å reparera båten.

I oktober 2010 sto den ute og var på veg til opphogging.

TEKNISK SPESIFIKASJON

Båten er kravellbygd med 12 bordgangar, 20 mm tjukke. I dei to midtre romma er avstanden mellom spanta ca 800 mm med 2 ribber mellom, dvs spantavstand medrekna ribbene er ca 260 mm c/c. I endeskipa er spantavstanden 500 – 700 mm med ei ribbe mellom, avstanden blir då 250 – 350 mm. Spantedimensjonen er ca 70x90 mm (txh), mens ribbene er 15x38. I dei to midtre romma er det doble ribber (30x38). Kjølen er 80x130 mm og rett.

Det er brukt eik i stamnar, kjøl og ribber mens vaterbordet er av mahogny, elles er alt av furu.

Huda er festa til spanta med 3" galvanisert bygningsspiker og til kjøl og stamnar med 2" skipsspiker. Ribbene er også festa med 2" skipsspiker som er nøkka på innsida. Teodor Kommedal fortel at tidlegare vart dei klinka med roer.

Materialane vart først kjøpt frå Sand, seinare frå Arendal og til slutt frå Hokksund.

Eik fekk dei frå Sand (Frithjof Hiim) og frå Skogøy ved Borgøy.

Båtane vart sett inn med klar Antiparasit og linolje.

20.12.2010 Svein Langvik